


Delårsrapport 1. kvartal 2025



Delårsrapport – 1. kvartal 2025

Resultat

Aktivitetsnivå


Kapital og likviditet



- 0,3 mill auke i resultat f. skatt frå i fjor
- Lågare tap enn fjoråret
- Positiv utvikling i provisjonsinntekter



- Auka aktivitet i bustadmarknaden
- 12 mnd. vekst i utlån 6,8 %
- 12 mnd. vekst i innskot 3,9 %



- God likviditetssituasjon. LCR på 205 %
- Rein kjernekapital 23,21 %

Delårsrapport 1. Kvartal 2025

Ørskog Sparebank oppnådde eit resultat etter tap og skatt på 8,4 mill. kr. pr. 31.03.25. Dette er 0,2 mill. kr. betre enn pr. 31.03.2024. Banken sine totale utlån inkludert Eika Boligkreditt syner det siste året ein auke på 280 mill. kr. og er prega av auka aktivitet i marknaden siste kvartal. Banken har utvida satsinga på Moa-kontoret, og med fleire tilsette pr. 31.03 stig kostnadane til løner. Rentenettoen er noko svakare enn same tid i fjor på 2,32%. Den underliggende bankdrifta er solid. Banken sin balanse syner ei rein kjernekapitaldekning på 23,21 % og på konsolidert basis er rein kjernekapital 19,69 %

Resultatrekneskapen

Kvartalsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova av 17. juli 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar m.v. og banken nyttar rekneskapsspråket IFRS.

Ørskog Sparebank har pr. 31.03.2025 eit resultat før tap og skatt på kr. 11,5 mill. Resultat før tap og skatt var pr. 31.03.2024 på kr. 12,7 mill. kr.

Resultat etter tap og skatt er pr. 31.03.2025 8,4 mill. kr., samanlikna med kr. 8,2 mill. kr. året før.

Ørskog Sparebank eig 73,91 % av Sjøholt Næringsbygg AS som igjen eig næringsbygget i Sjøholt sentrum. Selskapet er eit eigedomsselskap med ein langsiktig leigeavtale med Ålesund kommune. Datterselskapet har ingen tilsette og selskapet si verksemd er vurdert som ubetydeleg. Det er difor banken sine tal som er kommentert i kvartalsrapporten. Konserntal er tatt med i dei notane der det er aktuelt.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente og kredittprovisjonsinntekter vart 22 mill. kr. noko som er 0,5 mill. kr. høgare enn pr. utgangen av 1. kvartal 2024 (kr 21,5 mill). Dette utgjør 2,32 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK), mot 2,35 % i fjor. Rentenettoen har vore relativt stabil siste månadane.

Norges Bank har sidan 2021 auka styringsrentene frå 0 % til 4,5 % som følgje av inflasjonen og høg aktivitet i norsk økonomi. Sentralbanken varsla at rente blir holdt stabil i mars 2025, men held fram at det kan komme opp til to rentekutt seinare i 2025. Etter den tid har dei globale finansmarknadene vore svært volatile. Daglege endringar i amerikanske tollsatsar verker inn på aksje- og rentemarknader, og preger risiko- og investeringsviljen i stor grad.

Provisjonsinntektene endte på 5,3 mill. kr. mot kr. 4,7 mill. kr. pr. 31.03.2024. Banken sin vekst innanfor skadeforsikring og fondssparing held fram, og styret er nøgd med at banken si strategiske satsing på breddesal og rådgjeving gir resultat. Inntekter frå Eika Boligkreditt har auka i takt med at utlånsmarginen betra seg gjennom det siste kalenderåret.

Driftskostnader

Samla driftskostnader aukar med 1,5 mill. kr. og utgjør 15 mill. kr. mot 13,6 mill. kr. i fjor. Målt i høve til GFK er kostnadene 1,58 % mot 1,48 % i fjor. Kostnader i % av totale inntekter (korrigert for verdiutvikling på verdipapir) utgjør 57,03 % pr. 31.03.2025 mot 52,7 % pr. 31.03.2024.

Det har vore fleire endringar i banken sin arbeidsstokk, og banken har i 2025 fleire tilsette enn fjoråret. I tillegg aukar lønskostnadane i takt med fjorårets lønnsoppgjer. Banken har mellom anna utvida rådgjevingsskontoret på Moa som eit ledd i strategien om vekst i forretningsvolumet.

Banken har igangsett fleire utviklingsprosjekt som har til hensikt å styrke banken sine inntekter i åra framover. Dette er prosjekt som gir ein del kostnader i første halvår, som styret ventar vil bli dekkja inn av framtidige inntekter.

Tapskostnader

Bokførte tap på utlån og garantiar per 1. kvartal 2025 utgjør 0,4 mill. kr. mot 1,824 mill. kr. same tidspunkt i fjor. Dette utgjør 0,01 % av brutto utlån mot 0,06 % same tidspunkt i fjor. Banken gjer løpande vurderingar av dei einskilte låneengasjementa i banken, og det er netto effekten av både inntektsføring av tidlegare tapsavsetnader, og nye tapsavsetnader som kjem fram i beløpet. Styret har vurdert samansetjinga av banken si utlånsportefølje grundig, og ein forventer at framtidige kredittap – gitt dei

føresetnadane som er lagde til grunn – vil bli moderate.

Balansen

Forvaltningskapitalen utgjør 3.909 mill. kr. mot kr. 3.682 mill. på same tidspunkt i fjor.

Utlån

Totale utlån, inkl. Eika Boligkreditt AS, utgjør til saman 4.384 mill. kr. noko som er ein auke på 280 mill. kr. siste 12 månader. Dette tilseier ein vekst på 6,8 % og banken registrerer auka aktivitet i kvartalet. Dette skuldast auka gjeldsvekst, betre aktivitet i bustadmarknaden, og at banken har auka kapasiteten til proaktivt arbeid og til å handsame lånesøknadar.

Netto utlån til kundar på eigen balanse er ved utgangen av 1. kvartal på 3.262 mill. kr., ein auke på 114 mill. kr. (3,6 %) frå i fjor på same tidspunkt.

Lån til personmarknaden inkludert Eika Boligkreditt utgjør 3.663 mill. og syner ein 12 mnd. vekst på 8,2 %.

Lån til bedriftsmarknaden inkludert landbruket utgjør kr 734 mill, og syner ein 12 mnd. Utlånsvekst på 0,51 %.

Utlån finansiert i Eika Boligkreditt AS er ved utgangen av 1. kvartal på 1.122 mill. kr., ein auke på 169 mill. kr. (17,5%) frå same tidspunkt i fjor.

Andel lån til bedriftskundar inkludert landbruk utgjør 22 % av banken sine utlån i eigen balanse mot 23 % 31.03.2024.

Utlånsauken finn stad i banken sitt primære marknadsområde, og i all hovudsak er det frå personmarknaden banken erfarer auka etterspurnad etter lån. Styret legg vekt på at banken skal ha lønnsam og kontrollert utlånsvekst frå kundar som etablerer heilskaplege kundeforhold, og er nøgd med utlånsveksten i privatmarknaden for kvartalet.

Kredittforringa kundar

Banken har framleis eit lågt omfang av lån i restanse og overtrekk. Pr. 31.03.2025 er det kr 8,1 mill kr. i låneengasjement som står i restanse meir enn 90 dagar (31.03.2024 = kr. 1,2 millionar).

Banken sin kredittpolicy, kompetente rådgjevarar og eit lågt rentenivå er viktige forklaringar til det volumet har vore lågt over lang tid. Auken i

restansar pr. 31.03 skuldast i hovudsak eit konkursråka selskap der banken er i ferd med å inndrive pant. Styret vurderer banken si låneportefølje som robust, og er nøgd med det arbeidet banken legg ned for å overvake kredittrisikoen.

Likviditet og innskot

Banken sine innskot har auka med 104,4 mill. kr. siste 12 mnd., og utgjør no 2.816 mill. kr. Dette er ein auke på 3,9 %. Innskotsdekninga er på 85,99 % pr. 31.03.2025 mot 85,73 % pr. 31.03.2024.

Banken har ein likviditetsstrategi som gir grunnlaget for samansetnaden av innlån og forfallsstrukturen. Likviditetsstrategien med forfallsstruktur blir følgt tett, og likviditetssituasjonen til banken er god. Banken har midlar disponibelt på konti i bankar, unytta trekkrettigheter, ei likvid obligasjonsportefølje og lånemoglegheiter i Norges Bank. Saman med ei god spreiding i forfallsstrukturen, vurderer styret likviditetsreserven for å være god.

Også på bankinnskot har det vore stor konkurranse dei siste 12 månadane. Eit høgt rentenivå har gitt auka interesse for banksparing som aktivaklasse, og i ein volatil marknad med geopolitisk uro har kundane auka sin sparerate.

Verdipapir

Banken si portefølje av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandelar utgjør kr. 122 mill. pr. 31.03.2025. Banken si obligasjonsportefølje utgjør kr. 312 mill.

Likviditeten er hovudsakeleg plassert i renteberande verdipapir, innskot i større bankar og i Norges Bank. Verdipapirplasseringane er i stat, kommunar og obligasjonar med fortrinnsrett. Dei aller fleste obligasjonane banken eig har flytande rente.

Bankens kortsiktige likviditetsrisiko målt ved LCR var 205 % (260 %), og den langsiktige likviditetsrisikoen ved NSFR var 136 % (136 %).

Soliditet

Eigenkapitalen er på kr. 513 mill. kr. pr. 31.03.2025 som utgjør 13,2 % av forvaltningskapitalen.

Pr. 31.03. har morbanken ei kapitaldekning på 27,29 % (22,55 %), og rein kjernekapitaldekning på 23,21 % (18,33 %). Dette er ein auke samanlikna med same periode i fjor, og skuldast fleira orsakar.

Det har det siste året vore endringar i regelsettet for vekting av landbrukseigedom, som har ført til ein reduksjon i det risikovekta berekningsgrunnlaget.

Banken har fram til 4. kvartal 2024 praktisert å ta andel av eigarskap i selskap som forholdsmessig blir konsolidert inn til frådrag i rein kjernekapital i morbanken. Dette prinsippet har banken endra, på lik linje med resten av bankane i alliansen. Endringa vart gjort ved rapportering frå 4. kvartal 2024 slik at det samsvarer med unntaksregelen i utrekningsforskrifta § 18 bokstav c, som tilseier artikkel 49.2 i CRR. Dette medfører at banken hamnar under terskelverdi på 10 % for frådrag, og gir ei auke i kapitaldekning på morbank-nivå. Prinsippendringa medfører ingen endring for dei forholdsmessig konsoliderte tala. Historikken er ikkje omarbeidd.

01.04.2025 tek ny standardmetode til å virke for Ørskog Sparebank og andre bankar som nyttar standardmetoden. Basert på førebelse analyser så vil banken sin soliditet stige ytterlegare, noko som vil gi god kapasitet til balansert og lønnsam vekst i dei komande åra.

Konsoliderte tall per 31.03.2025, som tek omsyn til eigarskap i Eika Boligkreditt AS og Eika Gruppen AS, syner ei kapitaldekning på 23,79% (22,06 %), og ei rein kjernekapitaldekning som utgjer 19,69 % (17,97 %). Rekneskapen er ikkje revidert, og overskotet hittil i år er ikkje inkludert i kapitaldekningsberekningane.

Risikovurdering

Kredittrisiko og likviditetsrisiko er dei mest vesentlege risikoområda for Ørskog Sparebank. Kredittrisikoen for tap på utlån, plasseringar og garantiar blir framleis vurdert som låg, samstundes som banken sine individuelle nedskrivingar på utlån blir vurdert som tilfredsstillande ut i frå risikoen og utviklinga i låneportefølja. Banken søker å ha ein moderat risikoprofil. Det er lagt opp til tett oppfølging og kontinuerleg overvaking av engasjementa.

Kredittrisikoen blir mellom anna overvaka ved at styret jamleg går gjennom rapportar om misleghald og overtrekk på konti og lån. Konsentrasjonsrisiko er risikoen banken har for at eitt eller fleire engasjement kan bli mislighaldt på grunn av negativ utvikling hos ein større kunde eller ein heil næringssektor.

Ørskog Sparebank har eit bevisst

forhold til diversifisering av utlånportefølja kring bransjar, geografi og storleik på enkeltengasjement. Banken søker å diversifisere mellom dei ulike segmenta og å unngå risiko i bransjar der ein ikkje har nok kompetanse eller er usikre på den generelle framtidige risikoen.

Banken har risiko for endringar i marknadsverdi på portefølja av obligasjonar og sertifikat som følgje av generelle endringar i kredittspreader. Det er etablert risikorammer som sikrar at porteføljen er diversifisert mot utstedarar, sektorar og geografiske områder.

Marknadsrisikoen i portefølja skal være låg og portefølja skal ha høg likviditet. Hovuddelen av portefølja skal kunne nyttast som sikkerheit for lån i Norges Bank.

Utviklinga så langt og utsiktene for resten av året

Årets første kvartal starta relativt roleg i norsk økonomi. Norges Bank sette ikkje ned renta i mars, og det framstår som konsensus blant analytikarar at renta ikkje vil stige meir i denne omgang. Inflasjonen steig litt i februar månad, og ein ser at arbeidsløysa er låg. Kapasitetsutnyttinga i næringslivet er høg, og med unntak av bygg & anleggsnæringa så er aktiviteten god i mange bransjar. Det er også forventningar om eit sterkt lønsoppgjer i 2025.

Dei siste 12 månadane har vi i Noreg hatt relativt høge marknadsrenter. Saman med ein stabil makrosituasjon har dette styrka banken sin rentenetto og gitt låge tap. Uro i den globale finansmarknaden vil truleg påverke norsk økonomi inn i framtida, saman med ein sterk konkurransesituasjon om privatkundar og SMB-marknaden.

Sidan innføringa av auka amerikanske tollsatsar har det vore svært store svingingar i verdsøkonomien med fall i aksjekursar, stigande rente på amerikanske statsobligasjonar og frykt for resesjon. Denne sterke volatiliteten, og dei hyppige endringane frå dag til dag har skapt stor uro i dei finansielle marknadane.

Styret vurderer at banken sin marknadsposisjon er sterk, og at banken sitt verdiforslag blir godt tatt i mot av kundane. Ein ventar difor at utlånsveksten vil fortsette gjennom året. Banken sine tilsette jobbar aktivt med god rådgjeving, og denne innsatsen vil materialisere seg i form av auka provisjonsinntekter gjennom året.

Dei auka krava til verksemdsstyring, dokumentasjon og etterleving fører til at banken no har fleire årsverk som ikkje jobbar direkte med kundar for å skape inntekter. Banken skal halde fram med lønsam, balansert og robust vekst, og det er som nemnd tidlegare iverksett fleire prosjekt som skal støtte opp om denne veksten. Totalt sett ventar difor styret at resultatet for 2025 vil bli på linje med 2024. Med banken sin

solide eigenkapital og ein strategi om å vere ein nær og tilgjengeleg lokalbank, venter styret at banken vil kunne oppretthalde ein god marknadsposisjon både i 2025 og framover.

Stadfesting frå ansvarlege personar.

Styret og banksjef har den 23.04.2025 handsama og godkjent delårsrekneskapen for 1. kvartal for Ørskog Sparebank per 31.03.2025. Etter styret og dagleg leiar sin beste overtying, er delårsrekneskapen for 1. kvartal 2025 utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskap standardar. Opplysningane i rekneskapen gjev eit rett bilete av banken og konsernet sine eigendelar, gjeld og finansielle stilling og resultat som heilskap per 31.03.2025.

Etter styret og dagleg leiar si beste overtying gjev delårsrekneskapen for 1. kvartal ein rettvisande oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden. Etter styret og dagleg leiar si beste overtying gjev også delårsrapporten ei beskriving av dei mest sentrale risikofaktorane banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.

Ørskog, 23.04.2025

Torstein L. Stavseng
Styreleiar

Hans Fredrik Furstrand
Nestleiar

Wenche K. B. Lehre
Styremedlem

Siw Pek
Styremedlem

Ingegjerd Eidsvik
Styremedlem

Silje Bruun Teigen
Styremedlem

Eirik Kavli
Banksjef

Resultatregnskap

Resultat		1. kvartal	1. kvartal	Året
Ordinært resultat - Tall i tusen kroner	Note	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost		50.644	48.786	200.717
Renteinntekter fra øvrige eiendeler		3.867	3.879	15.637
Rentekostnader og lignende kostnader		32.456	31.126	127.261
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		22.056	21.540	89.094
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		5.286	4.761	21.271
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		1.007	724	2.539
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		0	0	2.632
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	9	227	508	-563
Andre driftsinntekter		97	233	574
Netto andre driftsinntekter		4.603	4.778	21.375
Lønn og andre personalkostnader		8.374	7.551	28.367
Andre driftskostnader		6.140	5.554	23.136
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler		560	497	2.026
Sum driftskostnader		15.074	13.602	53.529
Resultat før tap		11.585	12.715	56.940
Kredittap på utlån, ubenyttet kreditt og garantier	7	392	1.824	2.770
Resultat før skatt		11.193	10.891	54.170
Skattekostnad		2.794	2.700	12.026
Resultat av ordinær drift etter skatt		8.399	8.192	42.144
Andre inntekter og kostnader - Tall i tusen kroner				
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger				331
Verdiendring egenkapitalinstrument til virkelig verdi	9	501	-943	-3.844
Skatt				-83
Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet		501	-943	-3.596
Totalresultat		8.900	7.249	38.548

Resultat Konsern		1. kvartal	1. kvartal	Året
Ordinært resultat - Tall i tusen kroner	Note	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost		50.075	48.199	198.051
Renteinntekter fra øvrige eiendeler		3.867	3.879	15.935
Rentekostnader og lignende kostnader		32.456	31.126	127.261
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		21.486	20.953	86.725
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		5.286	4.761	21.271
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		1.007	724	2.539
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		0	0	2.632
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	9	227	508	-563
Andre driftsinntekter		1.331	1.455	5.217
Netto andre driftsinntekter		5.837	6.000	26.018
Lønn og andre personalkostnader		8.435	7.611	28.427
Andre driftskostnader		6.462	5.866	24.540
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler		1.027	965	3.095
Sum driftskostnader		15.924	14.442	56.061
Resultat før tap		11.399	12.510	56.682
Kredittap på utlån, ubenyttet kreditt og garantier	7	392	1.824	2.770
Resultat før skatt		11.007	10.686	53.912
Skattekostnad		2.794	2.700	12.026
Resultat av ordinær drift etter skatt		8.213	7.987	41.886
Andre inntekter og kostnader - Tall i tusen kroner				
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger				331
Verdiendring egenkapitalinstrument til virkelig verdi	9	501	-943	-3.844
Skatt				-83
Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet		501	-943	-3.596
Totalresultat		8.714	7.044	38.290

Resultat etter skatt				
Majoriteten sin andel av resultatet i perioden		8.261	8.040	42.162
Minoriteten sin andel av resultatet i perioden		-49	-53	-276

Totalresultat				
Majoriteten sin andel av totalresultatet i perioden		8.762	7.097	38.566
Minoriteten sin andel av totalresultatet i perioden		-49	-53	-276

Balanseoppstilling

Balanse - Eiendeler

<i>Tall i tusen kroner</i>	<i>Note</i>	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Kontanter og kontantekvivalenter		83.119	80.120	81.709
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner		97.394	10.870	39.473
Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	5, 6, 7	3.262.380	3.148.387	3.239.944
Rentebærende verdipapirer	9	312.380	295.441	308.032
Finansielle derivater		941	1.077	970
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	9	122.610	117.141	118.569
Eierinteresser i konsernselskaper	3	6.600	7.400	6.600
Varige driftsmidler		17.424	15.085	17.984
Andre eiendeler		6.954	7.341	7.597
Sum eiendeler		3.909.801	3.682.860	3.820.877

Balanse - Gjeld og egenkapital

<i>Tall i tusen kroner</i>	<i>Note</i>	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Innlån fra kredittinstitusjoner		100.696	127.441	50.429
Innskudd fra kunder		2.816.647	2.712.178	2.785.612
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	10	404.030	302.902	404.172
Annen gjeld		26.127	13.549	17.348
Pensjonsforpliktelser		2.653	3.813	2.653
Forpliktelser ved skatt		6.221	3.588	13.556
Andre avsetninger		262	1.605	384
Ansvarlig lånekapital	10	40.218	40.234	40.240
Sum gjeld		3.396.855	3.205.311	3.314.395
Opptjent egenkapital		464.154	429.358	466.067
Gavefond		393	0	416
Fondsobligasjonskapital		40.000	40.000	40.000
Periodens resultat etter skatt		8.399	8.192	0
Sum egenkapital		512.946	477.550	506.483
Sum gjeld og egenkapital		3.909.801	3.682.860	3.820.877

Balanse - Eiendeler Konsern

<i>Tall i tusen kroner</i>	<i>Note</i>	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Kontanter og kontantekvivalenter		83.119	80.120	81.709
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner		97.394	10.870	39.473
Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	5, 6, 7	3.225.226	3.109.483	3.202.440
Rentebærende verdipapirer	9	312.380	295.441	308.032
Finansielle derivater		941	1.077	970
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	9	122.610	117.141	118.569
Varige driftsmidler		59.197	58.725	60.223
Andre eiendeler		8.042	9.068	8.596
Sum eiendeler		3.908.908	3.681.924	3.820.011

Balanse - Gjeld og egenkapital Konsern

<i>Tall i tusen kroner</i>	<i>Note</i>	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Innlån fra kredittinstitusjoner		100.696	127.441	50.429
Innskudd fra kunder		2.816.384	2.710.841	2.785.091
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	10	404.030	302.902	404.172
Annen gjeld		26.574	14.788	17.894
Pensjonsforpliktelser		2.653	3.813	2.653
Forpliktelser ved skatt		6.221	3.588	13.556
Andre avsetninger		262	1.605	384
Ansvarlig lånekapital	10	40.218	40.234	40.240
Sum gjeld		3.397.040	3.205.213	3.314.420
Opptjent egenkapital		461.634	426.805	463.684
Gavefond		393	0	416
Ikke- kontrollerte eierinteresser		1.442	1.714	1.491
Fondsobligasjonskapital		40.000	40.000	40.000
Periodens resultat etter skatt		8.399	8.192	0
Sum egenkapital		511.869	476.711	505.591
Sum gjeld og egenkapital		3.908.908	3.681.924	3.820.011

EIGENKAPITALOPPSTILLING

	<u>Innskutt egenkapital</u>	<u>Opptjent egenkapital</u>			
<i>Tall i tusen kroner</i>	Fondsobligasjons- kapital	Sparebankens fond	Gavefond	Fond for urealiserte gevinster	Sum egenkapital
Egenkapital 31.12.2024	40.000	442.767	416	23.300	506.483
Resultat av ordinær drift etter skatt	914	7.485			8.399
Verdiendring på finansielle eiendeler				501	501
Totalresultat 31.03.2025	914	7.485	0	501	8.900
Utbetaling av gaver		-1.500	-23		-1.523
Renter på fondsobligasjoner	-914				-914
Egenkapital 31.03.2025	40.000	448.752	393	23.801	512.946
Egenkapital 01.01.2024	40.000	405.322		27.144	472.466
Resultat av ordinær drift etter skatt	915	7.277			8.192
Verdiendring på finansielle eiendeler				-943	-943
Totalresultat 31.03.2024	915	7.277	0	-943	7.249
Utbetaling av gaver		-1.250			-1.250
Utbetalte renter fondsobligasjon	-915				-915
Egenkapital 31.03.2024	40.000	411.349	0	26.201	477.550

Konsern	<u>Innskutt egenkapital</u>	<u>Opptjent egenkapital</u>				
<i>Tall i tusen kroner</i>	Fondsobligasjons- kapital	Sparebankens fond	Gavefond	Fond for urealiserte gevinster	Ikke kontrollerte interesser	Sum egenkapital
Egenkapital 31.12.2024	40.000	440.384	416	23.300	1.491	505.591
Resultat av ordinær drift etter skatt	914	7.347			-49	8.213
Verdiendring på finansielle eiendeler				501		501
Totalresultat 31.03.2025	914	7.347	0	501	-49	8.714
Utbetaling av gaver		-1.500	-23			-1.523
Renter på fondsobligasjoner	-914					-914
Egenkapital 31.03.2025	40.000	446.231	393	23.801	1.442	511.868
Egenkapital 01.01.2024	40.000	402.921		27.144	1.767	471.832
Resultat av ordinær drift etter skatt	915	7.125			-53	7.987
Verdiendring på finansielle eiendeler				-943		-943
Totalresultat 31.03.2024	915	7.125	0	-943	-53	7.044
Utbetaling av gaver		-1.250				-1.250
Renter på fondsobligasjoner	-915					-915
Egenkapital 31.03.2024	40.000	408.796	0	26.201	1.714	476.711

NØKKELTAL

	1. kvartal	1. kvartal	Året
Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert	2025	2024	2024
Resultat			
Kostnader i % av totale inntekter (eskl. VP)	57,03 %	52,70 %	49,38 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	16,56 %	16,54 %	17,81 %
Innskuddsmargin hittil i år	1,03 %	1,16 %	1,20 %
Utlånsmargin hittil i år	1,50 %	1,41 %	1,40 %
Netto rentemargin hittil i år	2,32 %	2,35 %	2,37 %
Egenkapitalavkastning ¹	7,68 %	6,68 %	8,55 %
¹ Basert på totalresultat, egenkapitalen er justert for hybridkapital			
Balanse			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	22,41 %	23,09 %	22,44 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	30,63 %	28,13 %	29,71 %
Innskuddsdekning	85,99 %	85,73 %	85,64 %
Innskuddsvekst (12mnd)	3,85 %	8,26 %	5,01 %
Utlånsvekst (12 mnd)	3,54 %	10,87 %	3,27 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	6,83 %	7,31 %	5,18 %
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK)	3.859.629	3.677.035	3.745.453
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	4.954.779	4.630.885	4.728.937
Nedskrivninger på utlån og mislighold			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittlig brutto utlån	0,05 %	0,23 %	0,35 %
Tapsavsetninger i % av brutto utlån	0,40 %	0,48 %	0,39 %
Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert	2025	2024	2024
Soliditet¹			
Ren kjernekapitaldekning	19,69 %	17,97 %	20,13 %
Kjernekapitaldekning	21,69 %	19,97 %	22,17 %
Kapitaldekning	23,79 %	22,06 %	24,29 %
Uvektet kjernekapitalandel	9,72 %	9,31 %	9,87 %
¹ Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper			
Likviditet			
LCR	205	260	161
NSFR	136	136	137

NOTE 1 – Generell informasjon

Ørskog Sparebank vart skipa i 1857. Banken tilbyr innskot, utlån og betalingsformidling samt tilhøyrande banktenester for personmarknaden Noreg og for bedriftsmarknaden på indre Sunnmøre og kring Ålesund.

Bankens hovudkontor har besøksadresse 6240 Ørskog .

Banken har notert obligasjonsgjeld på Nordic ABM på Oslo børs og har utstedt fondsobligasjonar Banken har ikkje utstedt eigenkapitalbevis.

Denne regnskapsrapporten gjelder frå 01.januar til 31.mars 2025. Rekneskapen er presentert i norske kroner, og alle tal er vist i heile tusen, om ikkje anna er oppgitt.

Rekneskapen for 1. kvartal 2025 ble godkjend av styret 23.04 2025.

NOTE 2 – Regnskapsprinsipp

Delårsrapport pr. 31. mars 2025 er utarbeidt i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og årsrekneskapsforskrifta. Delårsrapporten skal lesast med relasjon til siste årsrapport pr 31.12.2024.

Delårsregnskapet er ikkje revidert og overskotet hittil i år er ikkje inkludert i soliditets berekninga.

Dei same rekneskapsprinsipp og berekningar er følgt i delårsregnskapet som i siste årsregnskap.

Tall i noter er angitt for bank viss ikkje anna er presisert i den enkelte note.

Det vert vist til årsrapporten for 2024 for ytterlegare beskriving av IFRS 9 og øvrige rekneskapsprinsipp.

NOTE 3 – Datterselskap / Tilknytta selskap

Ørskog Sparebank eig 73,91 % av aksjane i Sjøholt Næringsbygg. Eigarskapet er eit resultat av ei restrukturering som var ferdig i 2021 der kapitalutviding samt konvertering av gjeld til eigenkapital vart gjennomført. Dette vart gjort for å ta vare på verdien som ligg i ein langsiktig leigeavtale med Ålesund kommune. Banken har ikkje intensjon om å vere langsiktig eigar i eigendommen.

NOTE 4 – Transaksjoner med nærstående parter

Innskott og utlån, samt transaksjoner mellom nærstående har same vilkår som overfor ekstern tredjepart.

	31.03.2025	31.03.2024
Renteinntekter	570	586
<i>Balanseposter</i>		
Eiendeler:		
Utlån	37.154	38.904
Ubenyttet kreditt	0	0
Garantier	0	0
Gjeld:		
Innskudd fra kunder	263	1.337
Kortsiktig gjeld	0	0

NOTE 5 – Kredittforringa engasjement

Mislighold over 90 dager	1. kvartal 2025	1. kvartal 2024	Året 2024
Brutto misligholdte engasjement - personmarkedet	1.040	1.347	1.027
Brutto misligholdte engasjement - bedriftsmarkedet	5.714	572	5.700
Nedskrivninger i steg 3	-1.900	-746	-1.228
Netto misligholdte engasjementer	4.854	1.173	5.499

Andre kredittforringede	1. kvartal 2025	1. kvartal 2024	Året 2024
Brutto andre kredittforringede engasjement - personmarkedet	4.887	11.511	4.914
Brutto andre kredittforringede engasjement - bedriftsmarkedet	37.052	51.403	27.981
Nedskrivninger i steg 3	-6.528	-10.140	-5.822
Netto andre kredittforringede engasjement	35.411	52.774	27.074

NOTE 6 – Fordeling utlån kunder

Utlån til kunder fordelt på sektorer og næringer

	1. kvartal 2025	1. kvartal 2024	Året 2024
Primærnæringer	130.982	140.517	134.241
Industri og bergverk	10.780	13.435	12.425
Kraftforsyning	13.100	12.986	12.999
Bygg og anleggsvirksomhet	72.457	70.500	69.776
Varehandel	75.165	75.804	76.776
Transport	13.820	12.593	12.865
Overnattings- og serveringsvirksomhet	26.101	17.559	25.678
Informasjon og kommunikasjon	380	0	397
Omsetning og drift av fast eiendom	305.573	313.787	304.657
Tjenesteytende virksomhet	85.273	72.711	80.062
Sum næring	733.631	729.892	729.875
Personkunder	2.541.930	2.433.811	2.522.813
Brutto utlån	3.275.561	3.163.703	3.252.688
Steg 1 nedskrivninger	-1.932	-1.792	-1.780
Steg 2 nedskrivninger	-2.969	-2.913	-4.119
Steg 3 nedskrivninger	-8.280	-10.611	-6.845
Netto utlån til kunder	3.262.380	3.148.387	3.239.944
Utlån formidlet via Eika Boligkreditt (EBK)	1.121.986	952.588	1.066.447
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	4.384.366	4.100.975	4.306.391

NOTE 7 – Nedskrivninger

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kunder, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsynlegheita for misleghald (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med sannsynlegheit fort misleghald på balansedagen. Fordeling mellom steg blir gjort for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringar i nedskrivninger og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta kredittar for kvart steg, og inkluderer følgjande element:

Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, fra 12 månaders venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, fra 12 månaders forventet kredittap i steg 1 til kredittap over forventet levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivninger ved utsending av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivninger ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller minkinga i nedskrivninger som skuldast endringar i inputvariablar, andre føresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

31.03.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2025	627	637	195	1.459
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	73	-73	0	0
Overføringer til steg 2	-35	35	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-180	174	0	-6
Endringer som følge av nye eller økte utlån	53	0	0	53
Utlån som er fraregnet i perioden	-58	-16	0	-74
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivninger personmarkedet pr. 31.03.2025	481	756	195	1.432

31.03.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2025	2.386.103	130.740	5.957	2.522.800
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	21.854	-21.854	0	0
Overføringer til steg 2	-52.817	52.817	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-20.378	-517	-10	-20.905
Nye utlån utbetalt	337.385	0	0	337.385
Utlån som er fraregnet i perioden	-291.398	-6.500	0	-297.897
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til personmarkedet pr. 31.03.2025	2.380.749	154.686	5.947	2.541.382

31.03.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2025	1.151	3.480	6.650	11.281
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	161	-161	0	0
Overføringer til steg 2	-142	449	-307	0
Overføringer til steg 3	0	-1.045	1.045	0
Netto endring	71	212	697	980
Endringer som følge av nye eller økte utlån	295	0	0	295
Utlån som er fraregnet i perioden	-84	-721	0	-805
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivninger bedriftsmarkedet pr. 31.03.2025	1.453	2.214	8.085	11.752

31.03.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2025	557.250	140.730	31.901	729.881
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	14.028	-14.028	0	0
Overføringer til steg 2	-27.609	30.171	-2.561	0
Overføringer til steg 3	0	-12.022	12.022	0
Netto endring	-9.658	-850	35	-10.473
Nye utlån utbetalt	86.501	0	0	86.501
Utlån som er fraregnet i perioden	-18.952	-52.778	0	-71.730
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til bedriftsmarkedet pr. 31.03.2025	601.560	91.222	41.397	734.179

31.03.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2025	60	120	204	384
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	67	-21	-45	0
Overføringer til steg 2	-1	1	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-87	-23	-12	-123
Endringer som følge av nye eller økte ubenyttede kreditter og garantier	7	0	0	7
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier som er fraregnet i perioden	-3	-3	0	-6
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivninger pr. 31.03.2025	42	74	147	262

31.03.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2025	153.192	7.280	1.835	162.307
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	3.768	-3.389	-379	0
Overføringer til steg 2	-538	538	0	0
Overføringer til steg 3	0	-18	18	0
Netto endring	-24.116	229	-34	-23.921
Nye/endrede ubenyttede kreditter og garantier	10.193	0	0	10.193
Engasjement som er fraregnet i perioden	-7.463	-523	0	-7.986
Brutto engasjement pr. 31.03.2025	135.036	4.118	1.439	140.593

31.03.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2024	428	1.251	1.080	2.759
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	109	-109	0	0
Overføringer til steg 2	-14	23	-9	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-219	-349	166	-402
Endringer som følge av nye eller økte utlån	48	0	0	48
Utlån som er fraregnet i perioden	-22	-19	-499	-540
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivninger personmarkedet pr. 31.03.2024	329	797	738	1.864

31.03.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2024	2.251.729	147.663	14.188	2.413.580
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	32.940	-32.940	0	0
Overføringer til steg 2	-52.803	53.214	-411	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-18.707	-8.783	-14	-27.504
Nye utlån utbetalt	182.966	0	0	182.966
Utlån som er fraregnet i perioden	-128.419	-6.528	-832	-135.779
Konstaterte tap	0	0	-45	-45
Brutto utlån til personmarkedet pr. 31.03.2024	2.267.706	152.625	12.886	2.433.217

31.03.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2024	983	1.846	8.272	11.101
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	454	-273	-181	0
Overføringer til steg 2	-81	141	-60	0
Overføringer til steg 3	-19	-37	56	0
Netto endring	-407	629	1.968	2.191
Endringer som følge av nye eller økte utlån	544	1	2.830	3.375
Utlån som er fraregnet i perioden	-12	-192	-3.014	-3.217
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivninger bedriftsmarkedet pr. 31.03.2024	1.463	2.115	9.872	13.450

31.03.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2024	571.361	127.625	37.272	736.258
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	20.122	-17.489	-2.634	0
Overføringer til steg 2	-32.382	33.180	-798	0
Overføringer til steg 3	-10.206	-3.856	14.062	0
Netto endring	-15.986	-1.092	-1.476	-18.554
Nye utlån utbetalt	38.258	791	7.326	46.376
Utlån som er fraregnet i perioden	-10.650	-15.823	-7.120	-33.593
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til bedriftsmarkedet pr. 31.03.2024	560.516	123.337	46.633	730.486

31.03.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2024	63	30	94	187
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	7	-3	-4	0
Overføringer til steg 2	-1	1	0	0
Overføringer til steg 3	-4	-9	13	0
Netto endring	-17	4	172	159
Endringer som følge av nye eller økte ubenyttede kreditter og garantier	16	0	0	16
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier som er fraregnet i perioden	-1	-3	0	-5
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivninger pr. 31.03.2024	63	19	275	357

31.03.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2024	135.341	3.879	893	140.113
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	692	-645	-48	0
Overføringer til steg 2	-519	519	0	0
Overføringer til steg 3	-4.012	-1.252	5.264	0
Netto endring	5.938	44	-595	5.388
Nye/endrede ubenyttede kreditter og garantier	21.673	0	88	21.761
Engasjement som er fraregnet i perioden	-4.163	-507	-248	-4.918
Brutto engasjement pr. 31.03.2024	154.951	2.038	5.355	162.344

Nedskrivninger i steg 3 på utlån og garantier	31.03.2025	31.03.2024
Individuelle nedskrivninger ved begynnelsen av perioden	6.845	9.352
Økte individuelle nedskrivninger i perioden	683	0
Nye individuelle nedskrivninger i perioden	1.136	3.482
Tilbakeføring av individuelle nedskrivninger fra tidligere perioder	-384	-2.223
Konstaterte tap på lån som tidligere er nedskrevet	0	0
Nedskrivninger steg 3 ved slutten av perioden	8.280	10.611

Resultatførte tap på utlån, kreditter og garantier	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Endring i perioden i steg 3 på utlån	1.595	1.317	-1.987
Endring i perioden i steg 3 på garantier	-34	212	124
Endring i perioden i forventet tap steg 1 og 2	-1.061	187	1.480
Konstaterte tap i perioden, der det tidligere er foretatt nedskrivninger i steg 3	0	42	3.094
Konstaterte tap i perioden, der det ikke er foretatt nedskrivninger i steg 3	0	67	231
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivninger	-109	-1	-172
Tapskostnader i perioden	391	1.824	2.770

NOTE 8 –Segmentinformasjon

RESULTAT	1. kvartal 2025				1. kvartal 2024				2024			
	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto renteinntekter	16.859	7.893	-2.697	22.056	16.490	5.049		21.539	66.789	22.304		89.093
Utbytte og andre inntekter av EK instr.			0	0			0	0			2.632	2.632
Netto provisjonsinntekter			4.279	4.279			4.037	4.037			18.733	18.733
Verdiendring verdipapirer			227	227			508	508			-563	-563
Andre inntekter			97	97			233	233			574	574
Sum andre driftsinntekter	0	0	4.603	4.603	0	0	4.778	4.778	0	0	21.375	21.375
Lønn og andre personalkostnader			8.374	8.374			7.551	7.551			28.367	28.367
Andre driftskostnader			6.140	6.140			5.554	5.554			23.136	23.136
Avskrivninger på driftsmidler			560	560			497	497			2.026	2.026
Sum driftskostnader	0	0	15.074	15.074	0	0	13.602	13.602	0	0	53.529	53.529
Kredittap på utlån, ubenyttet kreditt og garantier			392	392	-666	2.490		1.824			2.770	2.770
Resultat før skatt	16.859	7.893	-13.560	11.193	17.156	2.559	-8.824	10.891	66.789	22.304	-34.923	54.170
BALANSE	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto utlån og fordringer på kunder	2.539.950	722.427		3.262.377	2.431.353	717.036		3.148.389	2.521.440	718.502		3.239.942
Innskudd fra kunder	2.148.150	668.497		2.816.647	2.076.337	635.841		2.712.178	2.116.191	669.421		2.785.612

Banken utarbeider rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkunder som blir fylgt opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmarknaden. Etter banken sin vurdering, ligg det ikkje føre vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og tenester som går inn i hovudmarkedene til banken.

Banken opererer i et geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gir lite tilleggsinformasjon.

NOTE 9 –Verdipapir

31.03.2025				Sum
Verdsettingshierarki for verdipapirer, til virkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet		312.380		312.380
Aksjer og andeler til virkelig verdi over resultatet			8.329	8.329
Aksjer til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader			120.882	120.882
Sum	-	312.380	129.210	441.590

Avstemming av nivå 3	Virkelig verdi over andre kostnader og inntekter	Virkelig verdi over resultatet
Inngående balanse 01.01	116.857	8.312
Realisert gevinst/tap	-	-
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet		17
Urealisert gevinst/tap ført mot utvidet resultat	501	
Investering	3.524	
Salg		
Utgående balanse	120.882	8.329

Verkeleg verdimåling og -opplysningar klassifisert etter nivå

Verdsettingsnivå tyder verdsettingssmetoden som er nytta for å fastsette verkeleg verdi.

I Nivå 1 er verdien fastsett ut fra kvoterte priser i aktive marknader.

I nivå 2 er verdien utleda frå kvoterte prisar, eller marknadsverdiar.

Nivå 3 er verdiar som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Verdsettinga av Eika Boligkreditt AS er basert på vurdering av egenkapitalen i selskapet. Verdsettinga av Eika Gruppen AS tar utgangspunkt i ei verdivurdering av dei einskilde selskapa i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsettingsmetoder. Denne verdivurdering blir halden opp imot sist kjente emisjons- og/eller omsettingskurs, sett i høve av banken sine egne vurderingar av hendingar frem til balansedagen. Til saman utgjør desse aksjane 99,643 mill. kroner av totalt 120,882 mill. kroner i nivå 3.

31.03.2024				Sum
Verdsettingshierarki for verdipapirer, til virkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet		295.441		295.441
Aksjer og andeler til virkelig verdi over resultatet			9.214	9.214
Aksjer til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader			115.327	115.327
Sum	-	295.441	124.541	419.982

Avstemming av nivå 3	Virkelig verdi over andre kostnader og inntekter	Virkelig verdi over resultatet
Inngående balanse 01.01	116.270	9.124
Realisert gevinst/tap		
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet		93
Urealisert gevinst/tap ført mot utvidet resultat	(943)	
Investering		
Salg		
Utgående balanse	115.327	9.217

NOTE 10 –Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	Bokført verdi			Rente- vilkår
				31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024	
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010850373	23.04.2019	23.04.2024	50.000	0	50.526	0	3m Nibor + 87 bp
NO0010932528	18.02.2021	08.05.2026	50.000	50.297	50.309	50.322	3m Nibor + 70 bp
NO0011025751	11.06.2021	11.06.2025	50.000	50.139	50.146	50.145	3m Nibor + 56 bp
NO0011125577	13.10.2021	13.10.2026	50.000	50.564	50.565	50.580	3m Nibor + 64 bp
NO0012719170	06.10.2022	06.10.2025	50.000	50.720	50.717	50.734	3m Nibor + 150 bp
NO0013038919	12.10.2023	12.10.2028	50.000	50.622	50.640	50.637	3m Nibor + 143 bp
NO0013209825	12.04.2024	12.04.2029	100.000	101.149	0	101.178	3m Nibor + 112 bp
NO0013363820	11.10.2024	11.10.2027	50.000	50.540	0	50.576	3m Nibor + 66 bp
Sum gjeld ved utstedelse av verdipapirer				404.030	302.902	404.172	

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	31.03.2025	Bokført verdi		Rente- vilkår
					31.03.2024	31.12.2024	
Ansvarlig lånekapital							
NO0010891666	24.08.2020	28.08.2030	40.000	40.218	40.234	40.240	3m Nibor + 185 bp
Sum ansvarlig lånekapital				40.218	40.234	40.240	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2024	Emittert	Forfalt/ innløst	Øvrige endringer	Balanse 31.03.2025
Obligasjonsgjeld	404.172			-141	404.031
Sum gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	404.172	0	0	-141	404.031
Ansvarlige lån	40.240			-22	40.218
Sum ansvarlig lån	40.240	0	0	-22	40.218

NOTE 11 –Kapitaldekning

	1. kvartal	1. kvartal	Året
Morbank	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Egenkapitalbevis	0	0	0
Overkurs	0	0	0
Sparebankens fond	441.247	400.963	443.183
Gavefond	-393	0	-415
Annen egenkapital	-501	943	0
Fond for urealiserte gevinster	23.300	27.145	23.300
Sum egenkapital	463.653	429.051	466.068
Utbytte	0	0	0
Fradrag for forsvarlig verdsetting	-442	-420	-433
Fradrag i ren kjernekapital	-7.248	-80.992	-5.782
Ren kjernekapital	455.963	347.639	459.853
Fondsobligasjoner	40.000	40.000	40.000
Fradrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	495.963	387.639	499.853
Ansvarlig lånekapital	40.000	40.000	40.000
Fradrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	40.000	40.000	40.000
Netto ansvarlig kapital	535.963	427.639	539.853
	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024

Eksponeringskategori (vektet verdi)

Stater	0	0	0
Lokal regional myndighet	15.194	14.527	14.135
Offentlig eide foretak	0	0	0
Institusjoner	8.916	1.754	6.613
Foretak	89.185	53.561	91.883
Massemarked	143.741	264.388	127.292
Pantsikkerhet eiendom	1.244.523	1.210.075	1.253.125
Forfalte engasjementer	52.852	64.952	40.739
Høyrisiko engasjementer	16.125	26.391	17.612
Obligasjoner med fortrinnsrett	29.467	18.162	28.340
Fordring på institusjoner og foretak med kortsiktig rating	15.505	974	6.695
Andeler verdipapirfond	0	0	0
Egenkapitalposisjoner	127.754	44.284	125.180
Øvrige engasjementer	30.562	27.532	31.969
CVA-tillegg	1.415	1.897	0
Sum beregningsgrunnlag for kredittrisiko	1.775.239	1.728.497	1.743.581
Beregningsgrunnlag fra operasjonell risiko	189.676	167.801	191.198
Beregningsgrunnlag	1.964.915	1.896.298	1.934.779
 Kapitaldekning i %	 27,28 %	 22,55 %	 27,90 %
Kjernekapitaldekning	25,24 %	20,44 %	25,84 %
Ren kjernekapitaldekning i %	23,21 %	18,33 %	23,77 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	12,12 %	10,54 %	12,50 %

Konsolidering av samarbeidende grupper

Banken rapporterer kapitaldekning konsolidert med eigenandel i samarbeidsgrupper. Banken har ein eigenandel på 0,71 % i Eika Gruppen AS og på 0,94 % i Eika Boligkreditt AS.

	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Ren kjernekapital	454.727	414.538	457.657
Kjernekapital	500.917	460.653	503.847
Ansvarlig kapital	549.255	508.890	552.183
Beregningsgrunnlag	2.309.167	2.306.449	2.272.985
 Kapitaldekning i %	 23,79 %	 22,06 %	 24,29 %
Kjernekapitaldekning	21,69 %	19,97 %	22,17 %
Ren kjernekapitaldekning i %	19,69 %	17,97 %	20,13 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	9,72 %	9,31 %	9,87 %

NOTE 12 –Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje vore hendingar etter utløpet av perioda som har ført til justeringar av, eller tilleggssopplysningar i rekneskapen eller i noter til rekneskapen.